

# Handbok

For opplæring av minoritetsspråklege elevar



# Handbok for opplæring av minoritetsspråklege elever i Hordaland

## Om kartlegging, vurdering og tiltak

Utarbeida av opplæringsavdelinga. 1.utgåve gjeldane frå august 2016  
(Oppdatert 04.02.2019)

<b>1. Rutinar ved innsøking</b> .....	3
1.1 Elevar som kjem frå grunnskule og grunnskule for vaksne .....	3
1.2 Elevar som kjem frå innføringsklasse.....	3
1.3 Elevar som kjem frå vg1 .....	3
1.4 Skuletilbod for minoritetsspråklege elever med kort butid i Hordaland .....	3
1.5 Informasjon om vidaregåande opplæring på mange språk:.....	3
<b>2. Rutinar for minoritetsspråklege elever i vidaregåande opplæring</b> .....	4
2.1 Rutinar i samband med skulestart.....	4
2.1.1 Kartlegging av norskkunnskapar (med film frå NAFO).....	4
2.1.2 Kartlegging av lese- og skrivevanskar .....	4
2.1.3 Startsamtalet med minoritetsspråklege elever og eventuelt føresette .....	4
2.2 Om val av læreplan i norsk .....	4
2.2.1 «Læreplan i grunnleggende norsk for språklige minoriteter (NOR7-01)» .....	4
2.2.2 «Læreplan i norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge - vidaregåande opplæring (NOR9-03)» .....	5
2.2.3 Lokal læreplan for innføringsklassane i Hordaland .....	5
2.3 Rutinar for lærlingar og læreandidatar .....	5
2.3.1 Tilskot for kandidatar med svake norskkunnskapar og kort butid.....	5
2.4 Rutinar for bruk av tolk .....	5
<b>3. Særskild språkopplæring</b> .....	6
3.1 Prosedyre og rutinar for særskilt språkopplæring.....	6
3.2 Om «Vegen fram».....	6
3.3 Fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.....	6
3.4 Morsmål som framandspråk.....	6
3.5 Rett til utvida tid.....	7
3.6 Spesialundervisning eller særskilt språkopplæring?.....	7
<b>4. Minoritetsspråklege elever i vaksenopplæring</b> .....	7

## 1. Rutinar ved innsøking

### 1.1 Elevar som kjem frå grunnskule og grunnskule for vaksne

#### Søknadsfrist 1.februar:

Denne søknadsfristen gjeld alle elevar med minoritetsbakgrunn som har hatt enkeltvedtak etter § 2-8 i den tida dei har vore elevar i grunnskulen, og som grunnskulen, etter ein kartlegging, meiner treng særskilt språkopplæring også i vidaregåande skule. Denne fristen gjeld også for minoritetsspråklege elevar som manglar karakterar i meir enn halvparten av faga.

#### Dokumentasjon:

- Enkeltvedtak etter §2-8 frå grunnskulen
- Resultat av kartlegging
- Kopi av opphaldsløyve eller asylsøkjarkort
- Meldeskjema for elevar med minoritetsbakgrunn

#### Søknadsfrist 1.mars:

Elevar med minoritetsbakgrunn som har gått heile eller store delar av grunnskulen her i landet, og som har eit ordinært karaktergrunnlag. Denne fristen gjeld også for minoritetsspråklege elevar som har hatt enkeltvedtak om særskild språkopplæring i grunnskulen, men som grunnskulen meiner ikkje treng særskild språkopplæring i vidaregåande skule.

#### Dokumentasjon:

- Minoritetsspråklege elevar kan søkje om skjønsmessig vurdering pr. 15.juni dersom skulen skriv at karaktergrunnlaget er svekka med minimum fem karakterpoeng grunna svake norskkunnskapar

### 1.2 Elevar som kjem frå innføringsklasse

Søkjefrist 1.februar med denne dokumentasjon:

Vurderingsskjema for elevar med minoritetsbakgrunn dokumentasjon på gjennomført innføringskurs kopi av opphaldsløyve eller asylsøkjarkort.

### 1.3 Elevar som kjem frå vg1

For minoritetsspråklege elevar som kjem frå vg1 – gjeld vanlege reglar. Elevane konkurrerer om plassane på lik linje med alle andre elevar.

### 1.4 Skuletilbod for minoritetsspråklege elevar med kort butid i Hordaland

Vi har tilbod om innføringsklasse i alle regionar i Hordaland. Vi har og starta tilbod om Kombinasjonsklasse ved ein vidaregåande skule i Bergen. Her kan elevar med kort butid og liten skulebakgrunn ta grunnskule eksamen i 5 fag.

Vi har og tilbod om vg1-klassar i Helse- og oppvekst for minoritetsspråklege ved to skular, og eigen Vg1-klasse for minoritetsspråklege i studiespesialiserande ved ein skule. Les meir på om inntaket her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/soknad-og-inntak/>

### 1.5 Informasjon om vidaregåande opplæring på 21 språk:

Vilbli.no finn legg ut informasjon på mange språk kvart år.

<https://www.vilbli.no/nn/nn/hordaland/informasjon-pa-fleire-sprak-information-in-several-languages/a/021874/?program=v.hs>

## 2. Rutinar for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring

### 2.1 Rutinar i samband med skulestart

#### 2.1.1 Kartlegging av norskkunnskapar (med film frå NAFO)

Det er viktig at skulane har gode rutinar for kartlegging av språkkompetansen til dei minoritetsspråklege elevane med mindre enn 6 år i landet. Måla i kartleggingsmateriellet til «Språkkompetanse i grunnleggjande norsk», utarbeida av Udir, vil være dei mål vi følgjer for nivå 1, 2, 3. Det er viktig å merke seg at læreplanen i grunnleggjande norsk, som denne kartlegginga er tufta på, er ein overgangsplan. Lærarane må kartleggje elevane fortløpande, og elevar som når nivå 3 skal gå over til ordinær norskplan. Sjå link:

[https://www.udir.no/globalassets/upload/kartleggingsprover/udir\\_kartleggingsmaterieell\\_bm\\_3\\_01007.pdf](https://www.udir.no/globalassets/upload/kartleggingsprover/udir_kartleggingsmaterieell_bm_3_01007.pdf)

Og her finn ein film frå NAFO om bruk av kartleggingsverktøyet:

<http://nafo.hioa.no/fag/filmer/kartlegging-av-norskferdigheter/>

#### 2.1.2 Kartlegging av lese- og skrivevanskar

Same reglar gjeld for alle elevar. Før tilvising til OT/PPT må skulen:

1. Drøfte saka i skulen sitt ressursteam.
2. Skulen skal ha samtale med eleven.
3. Skulen skal ha gjennomgått kartleggingar i samsvar med opplæringslova § 5.4.

Les meir her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/otppt/tilvising-fra-vidaregaande-skular/>

#### 2.1.3 Startsamtalet med minoritetsspråklege elevar og eventuelt føresette

Til startsamtalet med minoritetsspråklege elevar kan ein her finne dokument utvikla av Årstad vidaregåande skole omsett til 12 språk. <http://innsida.hfk.no/Skule/Startsamtaler-minoritetsspraklege/>

Her finn ein og eit skriv utvikla i samarbeid med Os vgs. med informasjon til elevar med kort butid omsett til 13 språk.

### 2.2 Om val av læreplan i norsk

Eit hovudmål for opplæringa i grunnleggjande norsk er utvikling av språkleg sjølvtilit og tryggleik. Opplæringa skal fremje norskspråkleg utvikling, slik at elevane vert i stand til å følgje ordinær opplæring i norsk og andre fag på norsk. Opplæringa må difor sjåast i samanheng med opplæringa i dei andre faga og læreplanen i norsk. Det skal leggjast til rette for at elevane gjennom utvikling av gode læringsstrategiar og innsikt i eigen språklæring utviklar sine norskspråklege ferdigheiter så raskt som mogleg. Samordning med lese- og skriveopplæring i morsmål og tospråkleg fagopplæring kan styrke opplæringa i grunnleggjande norsk.

I tillegg til vanleg norsk læreplan, kan ein bruke desse læreplanane i undervisninga:

#### 2.2.1 «Læreplan i grunnleggjande norsk for språklige minoriteter (NOR7-01)».

«Grunnleggjande norsk for språklige minoriteter er en aldersuavhengig og nivåbasert læreplan. Kompetansemålene er beskrevet for tre nivåer. Planen i grunnleggjande norsk er utarbeidet i tråd med føringene i det europeiske rammeverket for språklæring (Common European Framework of Reference for Languages), som beskriver og definerer seks ulike språknivåer fra begynnernivå (A1) til avansert nivå (C2) og hvilke ferdigheter og språkkunnskaper som knyttes til hvert av nivåene.»

<http://www.udir.no/kl06/NOR7-01>

## **2.2.2 «Læreplan i norsk for språklige minoriteter med kort botid i Norge – videregående opplæring (NOR9-03)»**

<http://www.udir.no/kl06/NOR9-03>

Endring i forskrift for Læreplan i Norsk for språklige minoriteter med kort botid (NOR9-03) frå 12.09.17.

Elevar som har enkeltvedtak om særskild språkopplæring kan no følgje den nye læreplanen viss dei har fått til utvida opplæringstid etter opplæringsloven § 3-1 femte ledd og dermed har meir enn 6 års butid på eksamenstidspunktet. Eleven treng då berre enkeltvedtak etter § 3-12 for å kunne følgje læreplanen. Les skriv frå Udir her:

<https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/forsok-og-pagaende-arbeid/bruken-av-lareplan-norsk-for-spraklige-minoriteter-med-kort-botid/>

## **2.2.3 Lokal læreplan for innføringsklassane i Hordaland**

I 2015 utvikla vi lokal læreplan for innføringsklassane her i Hordaland. Her finn du læreplan i alle 6 fellesfaga. Fokus er norsk i alle fag. Sjå Kvalitetsportalen, Info, Opplæring, Opplæring og vurdering under særskild språkopplæring.

## **2.3 Rutinar for lærlingar og lærekandidatar**

Ungdom med minoritetsspråkleg bakgrunn som vil bli lærlingar eller lærekandidatar, søker opplæring i bedrift på lik linje med andre søkjarar. Det er bedriftene som vel kven dei ønskjer å ta inn i lære.

### **2.3.1 Tilskot for kandidatar med svake norskkunnskapar og kort butid**

Bedrifter som har lærlingar eller lærekandidatar med særskilde behov, og som er under 25 år, kan søkje Utdanningsdirektoratet om ekstra tilskot til opplæringa. Dette kan gjelde ungdom som ikkje har eller ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av eit ordinært opplæringstilbod, og det gjeld også lærlingar/lærekandidatar med kort butid i Norge (inntil 6 år) og svake ferdigheiter i norsk.

Målet med det særskilte tilskotet er å gi lærlingar/lærekandidatar ei muligheit for å oppnå ei fagutdanning eller delar av ei fagutdanning, og skal stimulere lærebedrifter til å ta inn fleire minoritetsspråklege i lære/opplæring. Intensjonen er at ungdommane skal kome lettare ut i ordinært arbeidsliv. Søknaden må sendast via fagopplæringskontoret innan 1.9

Meir informasjon på <http://www.udir.no/om-udir/tilskudd-og-prosjektmidler/tilskudd-og-prosjektmidler-for-fylkeskommuner/larlingar-sarskilde-behov/>

## **2.4 Rutinar for bruk av tolk**

Bruk av tolk i arbeid med minoritetsspråklege elevar og føresette i videregående opplæring.

Forvaltningslova §§ 11 og 17 om rettleiingsplikt og utgreiings- og informasjonsplikt for forvaltinga gir eksplisitte oppgåver også for skuleverket. Elevar og føresette har rett til å forstå den informasjonen som vert gitt i samband med vidaregåande opplæring. For å få til dette må skuleverket ofte nytte tolk for elevar og for deira føresette. Både elevar i dei vidaregåande skulane og elevar i fagopplæring har desse rettane.

For skulesektoren har Udir ei eiga side med omtale av rettar og pliktar og naudsynte hjelpemiddel i arbeidet; <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/minoritetsspraklige/behov-for-tolk-i-barnehage-og-skole/> Denne sida tar for seg aktiviteten tolking, ulike typer tolking (frammøte-tolking, skjerm- og telefontolking), kvalitet på tolking og det å finne meir informasjon.

## 3. Særskild språkopplæring

### 3.1 Prosedyre og rutinar for særskilt språkopplæring

Retten til særskild språkopplæring er stadfesta i Opplæringslova §3-12. Fylkeskommunen skal kartlegge kva dugleik elevane har i norsk før det vert gjort vedtak om særskild norskopplæring. Om det er naudsynt har elevar utan tilstrekkeleg dugleik i norsk og rett til morsmålsopplæring og tospråkleg fagopplæring, eller begge delar. Desse tiltaka krev ikkje sakkunnig vurdering, men kartlegging av norskkunnskapar og enkeltvedtak underteikna av rektor.

I Kvalitetsportalen på Intranett under «Info», «Opplæring» og deretter «Opplæring og vurdering», ligg alle skjema de treng i arbeidet med særskild språkopplæring.

1. Prosedyre for oppfølging av skulane sin forvaltningskompetanse - elevar med rett til særskilt språkopplæring
2. Rutine for enkeltvedtak om særskild språkopplæring
3. Mal for enkeltvedtak om særskild språkopplæring
4. Elevliste for særskild språkopplæring
5. Mal for avslag om særskild språkopplæring
6. Mal for stans av særskild språkopplæring

### 3.2 Om «Vegen fram»

«Vegen fram» er eit nettkurs i norsk for minoritetsspråklege elevar i vidaregåande opplæring utvikla av Fagbokforlaget i samarbeid med Hordaland fylkeskommune. Kurset finn du på bokmål og nynorsk. Det bygger på norskplanen i Kunnskapsløftet L06, og Grunnleggjande norsk for språklege minoritetar, nivå 2 og 3. Dette kan du finne i «Vegen fram».

- Modul 1 - 2 som dekkjer norskopplæring på studiespesialiserande utdanningsprogram - Vg1, og dei to første åra på yrkesfagleg utdanningsprogram - Vg1 og Vg2.
- Yrkesfaglege moduler for alle dei 8 utdanningsprogram
- Realfagmodul
- Samfunnsfagleg modul

Hordaland fylkeskommune har lisens for bruk i alle skular. Fagbokforlaget gir og lærarane kurs i bruken av programmet om naudsynt. Meir informasjon på Fagbokforlaget sine sider:

[https://minvei.no/read\\_container/0c929e10-67aa-49f0-8871-dfe975cc2313](https://minvei.no/read_container/0c929e10-67aa-49f0-8871-dfe975cc2313)

Brukarnamn og passord kan skulane få ved å sende ein e-post til [hakon.fanebust@fagbokforlaget.no](mailto:hakon.fanebust@fagbokforlaget.no).

### 3.3 Fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål

Elevar som har hatt rett til særskild språkopplæring på 8., 9. eller 10. årstrinn i grunnskulen eller på Vg1, Vg2 eller Vg3 i vidaregåande opplæring, kan få fritak frå vurdering med karakter i skriftleg sidemål.

Her kan du finne forskrift §3-22:

[https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL\\_4#KAPITTEL\\_4](https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2006-06-23-724/KAPITTEL_4#KAPITTEL_4)

### 3.4 Morsmål som framandspråk

Alle elevar skal ha 2. framandspråk. Ein elev kan ta skriftleg og munnleg eksamen som privatist i morsmålet sitt, og betale sjølv. Ein må vere budd på at ein kanskje må reise til Bergen eller Oslo for å få tatt morsmålsaksamen. Det er ikkje morsmålsaksamen i alle språk, så ein må undersøke om det



faktisk er høve til å ta morsmålseksamen i eige morsmål. Her er liste frå Udir over dei 40 språk ein kan ta:

<http://www.udir.no/eksamen-og-prover/eksamen/privatist/fremmedsprak-for-privatister/>

og frå vårt fylke kan du finne meir informasjon her:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/privatist/kva-vil-du-ta-eksamen-i/>

### **3.5 Rett til utvida tid**

Minoritetsspråklege elevar kan etter vurdering få utvida tid til vidaregåande opplæring med eit eller 2 år. Her finn du meir: <http://www.udir.no/regelverk-og-tilsyn/finn-regelverk/etter-tema/Elever-med-sarskilte-behov/Utvidet-tid-i-videregaende-opplaring-for-elever-med-spesialundervisning/>

### **3.6 Spesialundervisning eller særskilt språkopplæring?**

Dersom pedagogisk kartlegging i skulen viser at eleven har manglande basiskunnskapar eller andre skulefaglege vanskar som ikkje er knytt opp mot elevens språklege dugleik, bør skulen i samråd med elev og føresette vurderer om det skal søkast om spesialundervisning.

Om skulen etter kartlegging finner at eleven kan ha andre vanskar som kan hindre læring, bør eleven tilvisast OT/PPT for ei sakkunnig vurdering av desse. Dersom kartlegginga viser at eleven ikkje har føresetnader til å følge ordinære læreplanar, skal skulen og PPT saman med føresette vurderer behovet for spesialundervisning.

Retten til spesialundervisning er stadfesta i Opplæringslova § 5-1.

<https://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vgs/soknad-om-spesialundervisning/>

## **4. Minoritetsspråklege elevar i vaksenopplæring**

Vaksne som har fullført grunnskolen, men som ikkje har fullført vidaregåande opplæring, har etter søknad rett til vidaregåande opplæring frå og med det året dei fyller 25 år.

Utdanninga kan føre fram til fagbrev, yrkes- eller studiekompetanse. Les meir på denne nettsida:

<http://www.hordaland.no/nn-NO/utdanning/vaksenopplaring/utdanning-for-minoritetsspraklege/>